

201103053 20
4. 12. 12

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo.

Jan Egil Haugen

Svåsand 18.06.2013

Svåsand Gardstun

5627 Jondal

Uttalelse til Vassendelva kraftverk v/ Blåfall AS

Som grunneigar Jan Egil Haugen av G.nr 13 B.nr 2 og med fullmakt frå Berit Svåsand G.nr 13 B.nr 4 og Kirsten Svåsand G.nr 13 B.nr 14 har me ein del motsegner mot konsesjonssøknaden til Vassendelva kraftverk med søkjar Blåfall AS.

-Blåfall AS søker om å regulera Vassendvatnet med opptil 1 meter, der dei skriv at Vassendvatnet er regulert i dag.

Dette er feil. Vassendvatnet er ikkje regulert i dag. Avtalen om regulering som var inngått mellom grunneigarane og Hardanger Energi AS i 2002 vart sagt opp 10.02.2012. Det var eit år oppseiingstid på denne avtalen, så oppseiinga var gyldig frå 10.02.2013.

Dette har grunneigarane på Espeland visst om sidan månadskifte Januar/Februar 2012 då eg var personlig på besøk til kvar enkelt av dei som bur på Espeland for å informere om at me kom til å seia opp avtalen med Hardanger Energi AS og kvifor me gjorde det. Eg antar dei informerte det vidare til Blåfall AS. (Eg ringte attpåtil Blåfall AS og informerte om dette).

Blåfall AS fekk også kopi av mail-korrespondansen mellom meg og NVE 27.01.2012. Sjå vedlegg 1.

Dei har då hatt god tid til å kontakta oss, for å få ei avklaring på eventuelle misforståingar om eigarforholda, men me har ikkje blitt kontakta på noko som helst vis av Blåfall AS.

-Blåfall AS hevda på folkemøte i Olaløo i Sundal den 14.05.2013 at Vassendvatnet hadde vore regulert i 100 år og at dei kunne vise til kontrakt på dette.

Dette er tatt heilt ut av «det blå», då det så vidt eg veit ikkje finst nokon underskriven avtale om regulering av vatnet før Hardanger Energi AS fekk kontrakt i 2002.

Det forekom riktignok ei viss regulering i eldre dagar (ca 1940?) då dei brukte vasskraft til å driva ei sag på Espeland, men å samanlikna ei sag som var i bruk stundvis der ein slapp ned litt av vatnet når det ikkje rann naturleg i elva og ei permanent regulering til kraftverket kan ikkje samanliknast på nokon måte.

Vedlegg 1: Info frå NVE 27.01.2012. Info til grunneigarane på Handegard/Espeland. Oppseiing av reguleringa med Hardanger Energi AS 10.02.2012. Brev frå Hardanger Energi AS der dei stadfestar at dei har mottatt oppseiinga 21.03.2012.

-Blåfall AS hevdar dei har kontrakt med alle berørte grunneigarar av vatnet. Dette er ikkje rett. Eg eigar av G.nr 13 B.nr2. Berit Svåsand G.nr 13 B.nr4. Kirsten Svåsand G.nr 13 B.nr 14. har aldri vore kontakta av Blåfall AS. Me eig $\frac{3}{4}$ delar av Svåsand sin del av vatnet.(sjå kart vedlegg 2).

Me kjem ikkje til å godta noko form for regulering av vatnet.

Det er totalt øydeleggende for heile naturopplevinga og tilgangen til Vassenden med båt, då ein ikkje kjem seg til land ved innerste del av vatnet, der me har hytta og båtplass.

Vassendvatnet er svært langgrunt og ei nedtapping fører til at ca 100-150 m av innerste del av vatnet kjem på tørre land. Der er myr/blaut botn som det ikkje er mogeleg å gå på utan å søkkje ned. Det er også langgrunt på Espelandsida, men verst på Svåsandsida.

Når vatnet blir tappa ned om vinteren fører frosten til at myrkanten frys ut der vatnet skulle ha vore og støtta imot, dette fører igjen til at når isen går, er vatnet blitt enda grunnare.

Fisken mister tilgang til beiteområda som er inne på grunna og den har blitt i ein elendig kondisjon dei siste åra, den har gått frå å vere ein forholdsvis liten, men fin og feit aure til å bli ein tynn og lang med kun eit stort hovud. (Typisk underernært fisk).

Vassendvatnet er ei unik naturperle som er svært tilgjengeleg for folk heilt frå barn i barnevogn, rørslehemma og eldre i rullestol til aktive som ynskjer ei fin naturoppleving . Bilvegen går fram til ca 50m frå vatnet, men ikkje forbi vatnet. Så når ein kjem opp der får ein ei kjensle av å vere i urørt natur på fjellet.

Frå Svåsand til Vassendvatnet går det T-merka tursti og det er mykje brukt turtereng av både lokale turgåarar og turistar, både norske og utanlandske.

Vedlegg 3: bilder av Vassendvatnet uregulert.

Vedlegg 4: bilder av Vassendvatnet regulert, (nedtappa ca 100cm.)

-Blåfall AS hevdar å ha kontrakt med alle berørte grunneigarar av røyrgate ned til kraftstasjon.

Dette er feil. Røyrgata går over min eigendom G.nr13 B.nr2 (ca 170meter) og eg har ikkje vore kontakta eller forespurd om dette av Blåfall AS.

Vedlegg 5: kart over røyrgate.

Det virkar som om Blåfall AS med overlegg har lagt inn feil og direkte uriktige opplysningar i konsesjonsøknaden, samt bevisst unngått og inkludere grunneigarar som ikkje har fallrettigheitar i elva.

Jan Egil Haugen, Berit Svåsand og Kirsten Svåsand meiner at på grunn av :

-Bevisst feilinformasjon i konsesjonsøknaden

-Manglande kontrakt med grunneigar

-Blåfall AS kjem med usanningar og faktafeil både i konsesjonsøknaden og i samtalar.

-Eit stort naturinngrep i Vassendvatnet både for denne og framtidige fjellglade generasjonar.

-Totalt øydeleggjande for fiskelivet i vatnet.

-Det er snart ikkje fleire uregulerte vatn i Jondal Kommune.

-I fylgje Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) heiter det i § 25 (kriterier for konsesjon):

Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.

Så håpar me NVE avslår konsesjonsøknaden til Blåfall AS om utbygging av Vassendelva Kraftverk, med regulering av Vassendvatnet.

Vil avslutningsvis seia at me ikkje er generelle motstandarar av kraftverk, og synest det er positivt at grunneigarar får ei ekstra inntekt ved utbygging av fall i elv. Så dersom Blåfall AS vil laga ein ny konsesjonsøknad med kraftverk som har inntak i elva nedanfor vatnet og hugsar på å inngå avtale med dei som eig der røyrgata går, så har me ikkje nokon motsegner mot det.

Men vatnet får dei ikkje øydeleggje med regulering utan sterk motstand.

Med helsing

Jan Egil Haugen G.nr 13 B.nr 2

Jan Egil Haugen

Berit Svåsand G.nr 13 B.nr 4

Berit Svåsand

Kirsten Svåsand G.nr 13 B.nr 14

Kirsten Svåsand